

Referat frå møte i Lykling sokneråd

Torsdag 20.06.2019 kl.19.30

Møtestad: Lykling kyrkje

Til stades: Fridleif Lydersen, Torunn Tveita, Sissel S. Gåsland, Roald Stautland, Elisabeth Bjørnevik, Leif Steinar Sakseide, Hildegunn Sortland Våge, Alfild Hestenes og Margunn Ersland

Opningsord ved Margunn: Las stykket «Vi er ikke verdige – men Han er det!» frå boka «Alltid elsket» av Kristina Reftel

Sak 33-19: Godkjenning av referat og innkalling

- Godkjent

Sak 34-19: Meldingar og skriv

- Ingen

Sak 35-19: Friluftsgudstenesta i Helvik. Oppgåver for soknerådet.

- Nokre av oss kjem rett frå dugnad i Helvik. Litt rydding før sundagen.
- Fordeling av ansvar:
 - Roald hentar bord som kan nyttast som altar.
 - Elisabeth har ansvar for dåpsutstyr, nattverdsutstyr, dåpsvatn, blommar og offerkorger
 - Torunn har med duk til altaret og lykt
 - Øystein kantor har alt ansvar for instrument og lyd
 - Emma og Jane har ansvar for kyrjekaffien
 - Soknerådet er kyrkjevertar, deler ut songark og tek opp offer
- Be koret ta med stolar. For få i Helvik til heile koret.
- Dei frå soknerådet som kan, møter kl.13.00

Sak 36-19: Soknerådsvalet. Evt. soknemøte ved reduksjon av medlemstalet.

- For seint å søkja om å få redusert talet på soknerådsmedlemer.
- Det er lov å føra opp fleire namn på valdagen. NB! **Me** må i alle fall spørja folk på førehand.
- Trygve bør orientera om dette i ein artikkel i Bømlo-Nytt. Viktig å annonsera om dette før valet, at folk kan bli førte opp på valdagen.
- Har me tenkt nok på ungdommar i soknet vårt? Må vera 18 år for å bli valde, men kan stemma når dei er 16 år.

Sak 37-19: Offerliste til hausten 2019.

- Godkjent slik:
 - 18.08. Institutt for sjelesorg Modum Bad
 - 08.09. Kyrkjelydsarbeidet
 - 15.09. Kirkens Bymisjon
 - 29.09. Kyrkjelydsarbeidet
 - 13.10. Strømmestiftelsen
 - 27.10. Åpne Dører
 - 10.11. Kyrkjelydsarbeidet
 - 24.11. HimalPartner
 - 01.12. Mercy Ships
 - 24.12. Sangaste
 - 26.12. Stefanusalliansen

Sak 38-19: Temakveldar hausten 2019.

- **5.september:** Marit Isaksen Espedalen: Korleis det var og er å vera kvinneleg prest.
- **3. oktober:** Olav Mæland: Foredrag frå pilegrimsturar
- **7.november:** Ola Ersland: Om Potetpresten på Finnås.
- **Øystein kantor: 24.januar 2020** -Allsangkveld i kyrkja

Sak 39-19: Ymse

- Elisabeth ser framleis etter bokkasse til barna. Han kan ikkje vera for dyr. Kanskje einkvan kan laga ein?

Me avslutta våren med litt varm mat og god prat.

Neste møte tysdag 27.08. kl. 17.00

Sakseid 27.06.2019

Margunn Ersland, sekretær

